

Skulekvardagen..

Ein vanleg skuledag her startar 08.55 og sluttar kl. 14.25. Det startar med at du enten kan gå, sykle, blir kjørd eller tek buss. Bussen går frå barneskula og elles der du bur. Det er to bussar. Den eine går fyrst 08.15, men den har barneskuleungar så den køyrer ei runde til vidaregåande skule. Mens den er der så kjem det ein anna buss som og har med seg barneskuleelevar. Den kjem 08.20. Så når den køyrer til skula kjem den fyrste bussen attende. Den fyrste heiter « E6» fordi den går berre etter E6'en. Og den andre heiter « Baksida» fordi den går baksida. Bussen er trygg fordi ingen mobbar kvarandre og alle er venar. Ivertfall som eg har sett.

Ein skuletime er 45 minutt og mellom kvar time er det 5 minutt. Frå klukka 11.20 til 12.00 er det matfri eller midttide. Det er da du et maten din. Du får gratis frukt på skula. I Noreg har vi enten med oss niste eller så kjøper vi mat i kantina. Du får og mjølk, om du har bestilt. Vi har og ein slags drikkeautomat der du får iskaldt vatn.

I midttimen kan du eigentleg gjere kva du vil så lenge det er lov da sjølvsagt. Og her på denne skula er lærarane veldig obs og strenge på mobbing, noko som er kjempe bra, Vi har ikkje så mykje mobbing på skulen. Eller det er ivertfall ingen eg har sett som har vore ekle eller slemme mot meg eller andre medelevar. Du har ikkje lov til å gå ned til sentrum i midttimen. Vi har og ein ballbinge og ein skaterampe som du kan vere på i friminuttet. Altså ein ballbinge er der du spelar fotball om du ikkje skjønte det.

Vi har og helsesøster her som kan prate med deg, ta sprøyter på deg og veie og måle deg. I Noreg får vi tilbyd sprøyter, altså det er gratis.

Vi kan vere maks 32 før vi blir delt opp. No har vi berre A og B. Vi har ikkje uniformer. Så du kan gå nesten med det du vil så lenge det ikkje er nedrykking altså ikkje kom med bikini på skula og ikkje kom med slik som kan vere støytande for andre. Faga vi har på skula er: matte, engelsk, samfunnsfag, naturfag, gym, valfag, tilvalsfag, musikk, kunst og handtverk/sløyd, Mat og helse og svømming. Men mat og helse har berre 9.klasse og du har ikkje musikk i 10.klasse. Altså du har det berre i 8. og 9. Eit valfag er språk eller om du ikkje vil ha språk kan du ha arbeidsliftsfag. Språka er spansk og tysk. Tilvalsfag kan vere mykje, som for eksempel musikk, fysisk aktivitet, friluftsliv og forking og trafikk.

w 6/10gn

Eg veit ikkje korleis dykk har det i utlandet men her i Noreg er det slik at for eksempel om du har gløymt noko heime, kjem for seint, glømt å gjere lekse, vanlege ordensreglar og trivselsreglar. Om du bryt nokon av dei og kjem for seint får du raudlapp. Og om du får mange kan du få nedsett ordenskarakter.

Her har vi karakterar. Eg veit ikkje om du har karakter der du er no, eller har vore. Men her i Noreg har vi ikkje A,B,C,D,E og F. Vi har tal frå 1-6. Og 6 er det beste. Du kan få pluss og minus, men eg veit ikkje om det kan vere +6. Det går kanskje an.

Nokon spesielle reglar er nok at for eksempel om du knusar du burde du seie frå til læraren din eller rektoren din slik at dei får greie på det med ein gong. Og det er sjølv sagt ikkje lov til å sitte på mobilen i timen. Om du gjer det så må du innom til rektoren sitt kontor å hente den på slutten av dagen.

Vi har juleball om vinteren. Da jentene går med noko fint, gutane og.

Vi har elevråd som bestemmer litt over klassa eller om vi skal kjøpe nye ting, dei er på ein måte sjefen i klassa. Sjølv om dei ikkje er sjefane likevel. Dei er berre med på å bestemme litt.

I Noreg har vi påskeferie, sommarferie, juleferie, haustferie, vinterferie og fri frå laurdag til søndag. Vi har og fri på «raudedagar» som for eksempel 17..mai. Og lekser er ikkje så mykje. Vi har for det meste lekser i uka. Og det er ikkje alle lekser som står på planen så du må hå med deg planen kvar dag. Meir viktig du må hå med kvar dag er pennal, alle bøkene og mappe. Om du er sjuk så MÅ du ha med melding på det i meldingsboka di.

Klasseromma på skula er litt forskjellige. Eller.. 8. og 9. sine klasserom er ganske like, mens 10.klassingane sitt har datamaskiner. Alle klasserom har og lås bare skap. Vi har forskjellige rom. Som for eksempel lab, datarom, , sløydsal og kunst og handtverk sal. På labben gjer du forskjellige eksperiment i naturfag.

Så da på slutten av ein slik skuledag, kan du enten gå, bli køyrd, sykle eller ta buss vel heim.